



Svein Ottar Rørheim med dei tre første hjortane som han felte i haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med 22 mot 12 røyster har kommunestyret sagt nei til ei generell utviding av jakttida for hjort sjølv om rådmannen hadde gått inn for ei utviding med berre to veker - til 1.desember.

Forvaltningskomiteen gjekk i september inn for ei utviding fram til jul, men det var før saka vart sendt ut på høyring. Ingen av dei sju merknadene som kom inn under høyringsrunden var for ei utviding.

Men etter forslag frå Høgre vedtok kommunestyret samrøystes at det skal opnast for fri avskyting av kalv i jakttida neste år.

Eit anna forslag frå same parti om å gje større kvotar til jaktvald som fyller kvoten tidleg vart avslått med 21 mot 13 røyster. Derimot var røystetala 31 mot 3 for eit Høgre-forslag om å gje løyve til felling av skadedyr fram til jul.

Erling Boland (Ap) sa at partiet hans gjekk i mot generell utviding av jakttida, men hvis stamma blir eit problem til dømes i Mauranger var partiet villig til felling av fleire dyr der.

Thorleif Hellesøy (US) var for ei moderat utviding av jakttida men hadde stor forståing for skepsisen frå ettersøkslaget. Han streka under at det gjer ein stor jobb natt og dag og bør ikkje bli belasta hardare.

Bjarne Berge (TS) var også for ei utviding som foreslått for å halda stamma i sjakk. Han streka kraftig under at hjorten er ein stor og aukande ressurs for kommunen.

Øyvind Utne (H) sa at partiet hans også gjekk inn for innstillinga frå rådmannen og streka under at stamma er for stor enkelte stader i kommunen og at begrensande tiltak må til. Difor framma han forslag om slike.

Hans Jakob Berge (KrF) gjekk imot ei utviding mellom anna fordi folk må få ferdast mest mogeleg fritt i utmarka. Hvis ei utviding skal gjennomførast var han eventuelt for jaktstart 10 dagar før enn no. Men skyting av kalv var han for.

Bjarne Lilleaas (V) hadde ikkje så sterke meiningar om saka, men åtvare mot å stressa hjorten for mykje over ein lang periode fordi han då kan ta til seg for lite næring. Men meir felling av kalv var også han for.

Av Ola Matti Mathisen